

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FOR LANDBRUKSRELATERTE SØKNADER FRÅ UTVIKLINGSFONDET I RINGEBU KOMMUNE

MJØLKEKVOTE

Kriterier:

Ringebu kommune vedtok i K-sak 054/12 å gi støtte frå utviklingsfondet til mindre tiltak i landbruket. Ordninga skal ikkje gi tilskot til tiltak som får støtte frå andre offentlege ordningar i jordbruket. Det gjeld både prosjektstøtte som bygdeutviklingmidlar (BU) og spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og driftsstøtte som produksjonstilskot i jordbruket (PT), regionale miljøplanmidlar (RMP) og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

Minste utbetaling er kr 5 000 i tilskot for ordningane 1 (nydyrking), 2 (grøfting) og 4 (rydding av innmarksbeite). For ordning 3 (kjøp av mjølkekvote) er det ikkje nedre grense for utbetaling. For å kunne søke om støtte i denne ordninga må søkaren også søke produksjonstilskot i jordbruket. Omfattar søknaden areal som søkaren ikkje eig, må han/ho legge fram avtale mellom seg og eigaren.

Ordning nr 3:

Tilskot til kjøp av mjølkekvote med maksimalt kr. 20 000 pr. søkar pr. år (maks 8 000 liter). Kvoteeigar får støtte inntil 50 % av pris på statleg kvote for geit- og kumjølkk ved kjøp av mjølkekvote. Det gjeld både geit- og kukvote som er kjøpt frå staten og frå private selgarar. Kjøpet må vere gjennomført og dokumentert med kopi av kvittering for betaling, før tilskotet blir betalt ut. For tida er den statlege prisen kr 2,50 for geit- og kukvote. Dersom kvota blir solgt eller leid ut innan 3 år kan Ringebu kommune krevje støtta tilbakebetalt.

Tiltakshaver er sjølv ansvarleg for dei tiltaka som blir sett i verk. Det blir ikkje gitt tilskot til arbeid som er sett i gang eller ferdig utført før søknaden er behandla.

Søknadsfristen er 15. mars 2018.

Administrasjonen forbereder sakene, formannskapet i Ringebu fattar vedtak og kommunal klagenemnd i Ringebu er ankeinstans for denne ordninga.

Viss det blir nødvendig å prioritere så skal støtte til nydyrking og kjøp av mjølkekvote dekkast fullt ut etter reglane for støtte. Ordninga med støtte til grønnting og beiterydding kjem i andre rekke. Restpott som kan bli brukt blir då fordelt på dei tiltaka (grønnting og beiterydding) som blir godkjente.

Tilskotssatsen blir tilpassa mengda pengar ein har til rådvelde.

Innvilga tiltak har ein frist på tre år for ferdigstilling. Tiltakshavar kan søke utsetjing i inntil to år. Administrasjonen behandlar utsettingssøknader.

**SØKNAD OM TILSKUDD TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE 2018
(GJELDER KJØP I 2017)**

Søkerens navn

Adresse Gnr/bnr

Tlf E-post

Organisasjonsnr Bankkontonr

Kjøpt frå staten liter kumjølkkvote

Kjøpt frå private liter kumjølkkvote

Kjøpt frå private liter geitmjølkkvote

Sted/dato Underskrift

Vedlegg

1. Kopi av kvittering for kjøp fra staten
2. Kopi av kvittering for kjøp fra private

Søknaden sendes til:

Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor
Kommunevegen 1
2647 SØR-FRON